

Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020- 2024

Innhald

Føreord	3
1 Internasjonalt samarbeid som verkemiddel for samfunnsutvikling	4
1.1 Fylkeskommunens rolle i internasjonalt samarbeid	4
1.2 Samarbeid for å nå måla	5
1.3 Norden, Nordsjøområdet og EU som geografisk utgangspunkt	6
1.4 Deltaking gir moglegheiter	6
1.4.1 Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg	7
1.4.2 Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	8
1.4.3 Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland	9
1.4.4 Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping	10
2 Verkemiddel og arbeidsmåtar	12
2.1 Internasjonalt samarbeid som eit integrert og interaktivt verkemiddel.....	12
2.1.1 Implementering i arbeidsområde, arbeidsmåtar og plansystem.....	12
2.1.2 Organisering og styring	13
2.2 Bevisstgjerung og kompetansebygging internt	13
2.3 Nettverksbygging	13
2.4 Internasjonalt prosjektsamarbeid.....	14
2.4.1 Fylkeskommunen si deltaking i EU prosjekt	14
2.4.2 Involvering av andre aktørar i Vestland fylke.....	15
2.5 Samarbeidsregionar	16
2.6 Påverke rammevilkåra for Vestland fylke	16
Vedlegg 1	1

Føreord

Vestland fylkeskommune sin strategi for internasjonalt samarbeid bygger på samfunnsoppdraget vårt, visjonen vår og verdiane våre, og den er eit styringsdokument som skal bidra til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*.

Internasjonalisering omfattar ei rekke prosessar som går langs fleire aksar samstundes. Nokre kan vere marknadsstyrte, mens andre er politisk vedtekne. Nokre er grasrotinitiativ som spreier seg i kraft av seg sjølv, mens andre kan vere sentralstyrte og sentraliserande. Utfordringa er ikkje om vi skal delta i internasjonalt samarbeid eller ikkje, men på kva område vi skal engasjere oss, kva slags type samarbeid det skal vere, og kva tiltak og prosjekt vi skal prioritere innanfor dei utvalde områda.

Med internasjonalt samarbeid meiner vi samarbeid på tvers av landegrenser for å skape meirverdi og kompetanse som fremmer vår regionale utvikling– eit samarbeid som bidreg positivt, reflektert og aktivt i eit fleirkulturelt norsk samfunn og i eit internasjonalt verdssamfunn.

Strategien skal legge til rette for ei samordna, prioritert og målretta internasjonal deltaking på tvers av våre fagområde– forankra i utviklingsplanen, regionale planar, økonomiplanen og dei årlege budsjetta.

Strategien skal:

- Klargjere målsetting og strategisk retning for Vestland fylkeskommune sitt internasjonale samarbeid.
- Prioritere, spisse og forankre innsatsen knytt til internasjonalt samarbeid innanfor rammene i utviklingsplanen, økonomiplanen og dei årlege budsjetta.
- Gi oversikt over internasjonale prosjekt, tiltak og avtalar som Vestland fylkeskommune er med i etter regionreforma 1. januar 2020.

Strategien vart vedteken av fylkestinget i Vestland 29. september 2020 og gjeld for perioden 2020- 2024.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

1 Internasjonalt samarbeid som verkemiddel for samfunnsutvikling

1.1 Fylkeskommunens rolle i internasjonalt samarbeid



Strategi for internasjonalt samarbeid skal forsterke Vestland si evne til å møte internasjonale utfordringar og moglegheiter, på ein måte som bidreg til ønska utvikling i regionen. I dette har fylkeskommunen ein sentral rolle som samfunnsutviklar, ei posisjon som er styrka gjennom regionreforma. Fylkeskommunen skal styrke *kulturen for internasjonale perspektiv på samfunnsutviklinga* i eigen organisasjon og i vestlandssamfunnet som heilskap.

Vårt internasjonale samarbeid skal forsterke arbeidet med samfunnsoppdraget, basert på visjon og felles verdier, og skal vere eit verkemiddel til å nå utviklingsmåla for regionen.

Strategi for internasjonalt arbeid skal gi ei samla politisk og administrativ tilnærming til internasjonalt samarbeid i organisasjonen.

Operasjonalisering av strategien skjer på sektornivå. Sektorane set strategien i samheng med eigne arbeidsområde, arbeidsmåtar og planarbeid, og gjer ei heilskapleg vurdering og prioritering av sine innsatsområde, verkemiddel og arbeidsmåtar. Dette gir rom for å tilpasse fylkeskommunen sitt internasjonale engasjement etter endringar i vår internasjonale kontekst som verker inn på vår region sine behov, moglegheiter og rammeverk.

Vedlegg 1 gir oversikt over internasjonalt samarbeid som er ført over frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar til Vestland etter regionreforma 1. januar 2020.

1.2 Samarbeid for å nå måla



Utviklingsplanen er fundert på FN sine berekraftsmål. Berekraftsmål 17, om samarbeid, står i ei særstilling. Evna til å samarbeide om felles mål og etablere nye sterke partnerskap er avgjerande for kor godt vi lukkast med ei berekraftig samfunnsutvikling. Mange av dei store samfunnsutfordringane, som til dømes klimakrisa, kjenner ingen landegrensar. Det gjer heller ikkje løysingane.

Fylkeskommunen skal styrke den internasjonale dimensjonen i samfunnsutviklingsarbeidet. Internasjonalt samarbeid er relevant for alle arbeidsområda til fylkeskommunen; innovasjon og næringsutvikling, opplæring og kompetanse, kultur, idrett og inkludering, levekår og livskvalitet, infrastruktur, veg, mobilitet og kollektivtransport og strategisk utvikling og digitalisering. Internasjonalt samarbeid skal vurderast som verkemiddel i oppgåveløysing, utviklingsarbeid og planlegging og vere integrert i styringssystema.

Fylkeskommunen arbeider for å styrke internasjonal kompetanse og engasjement i regionen generelt, gjennom samarbeid og partnerskap med andre samfunnsutviklingsaktørar. Vi legg til rette for at innbyggjarar, kommunar, næringsliv, organisasjonar og forskingsmiljø og skuleelevar har moglegheit til å engasjere seg og delta i internasjonalt samarbeid.

Internasjonale samarbeid tek mange ulike formar, og kan vere meir eller mindre formelle og omfatte politisk, administrativ, privat eller offentleg deltaking. Samarbeida kan ha ulikt

omfang, struktur, organisering og styring. Målet er likevel alltid at det internasjonale samarbeidet skal gi auka kompetanse og meirverdi til arbeidet med å fremme ei berekraftig samfunnsutvikling lokalt og globalt. Digitale løysingar vil auke moglegheitene for samarbeid i tida framover.

1.3 Norden, Nordsjøområdet og EU som geografisk utgangspunkt

Det geografiske utgangspunktet for vårt internasjonale engasjement er Norden og Nordsjøområdet. Her har vi djupe historiske band som er nedfelt i kulturen, språk, fagleg fellesskap og gjennom vennskap og familie. Det er i dette geografiske området vi har dei sterkaste samanfallande økonomiske og institusjonelle interessene og moglegheitene for påverknad også i dag.

Storbritannia er ein av våre næraste naboar og Vestland sin største eksportmarknad. Når Storbritannia forlèt EU er det viktig å ta i vare Vestland og Noreg sine interesser. Her har Vestland fylkeskommune ei viktig rolle i å halde oppe kontakt og nettverk med Storbritannia, og særleg Skottland, som vi har hatt mykje samarbeid med.

Mange utfordringar er felles for heile Europa. Vestland fylkeskommune vil difor søke samarbeid med regionar i EU etter behov basert på dei samarbeidsmoglegheitene som EØS-avtalen opnar for (Europeisk Økonomisk Samarbeidsområde).

Sjølv om Norden og Europa er Vestland sine langsiktige faglege og politiske kontaktflater, kan vi i konkrete saker delta i samarbeid retta mot andre delar av verda.

1.4 Deltaking gir moglegheiter

Satsinga på FN sine berekraftmål gjer at det skjer mykje på dette området internasjonalt. Vestland skal vere til stades og ta del i dette.

Internasjonalt samarbeid opnar dører for kommunesektoren, næringslivet, opplærings- og kulturinstitusjonar, forskingsmiljøa, ungdom og innbyggjarar elles. Samarbeidet gir tilgang til ny kunnskap, impulsar og erfaringar, og gir oss moglegheit til å påverke rammevilkåra for Vestland. I tillegg kan vi få finansierte tiltak og aktivitetar gjennom å søke EU-midlar til samarbeidsprosjekt.

Internasjonalt samarbeid skal styrke fylkeskommunen sine satsingar på sektornivå og heve kvalitet og innovasjon i tenesteleveransen. Det overordna målet i opplæringssektoren er å gjere elevane og lærlingane i Vestland fylke til lokale, nasjonale og globale medborgarar.

Ungdommen er framtidens arbeidstakarar og leiarar og sjølv forutsetninga for ei berekraftig samfunnsutvikling. Internasjonalt samarbeid er eit godt og viktig verktøy for å bidra til interkulturell kompetanse og medansvar hos ungdommar.

Internasjonalt samarbeid vil kunne støtte opp under og gjere oss synlege i fylkeskommunen si pådrivarrolle hos næringslivet og andre samfunnsaktørar. Fylkeskommunen skal også bruke sin økonomisk muskel og utnytte rolla som offentleg anskaffar internasjonalt, både i samfunnsutvikling og i prosjektsamanheng.

1.4.1 Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg



Målet omfattar i hovudsak arbeidsområda næring og innovasjon og knytter seg til FN sine berekraftsmål 8, 9 og 12. Dei handlar om økonomisk vekst, gode arbeidsplassar, innovasjon, industri og infrastruktur, forbruk og produksjon.

Vestland er det største eksportfylket i Noreg og er difor spesielt utsett for internasjonale konjunkturar. Covid-19 og fallet i oljeprisen forsterkar behovet for omstilling og fornying av næringslivet i Vestland. Vestland fylkeskommune vil ta i bruk smart spesialisering som verktøy for dette arbeidet. Smart spesialisering er EU sin metode for næringsutvikling og handlar om å bygge vidare på den kompetansen, det næringslivet og dei ressursane som allereie er til stades i regionen, for å utvikle nye nisjar og næringsområde. Samarbeid mellom europeiske regionar er ein føresetnad for å lukkast. EU har ambisjon om å bygge fullstendige verdikjeder i Europa på ei rekke konkurranseutsette område. Som ein lekk i denne satsinga ønsker EU å legge til rette for at regionane kan ta ei viktig rolle i desse verdikjedene, ved å samle verkemiddelapparatet og stimulere næringslivet basert på regionane sine strategiar for smart spesialisering.

For Vestland fylkeskommune gir deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt og alliansar moglegheiter for eit tettare fagleg og tematisk samarbeid med partnarar i våre største eksportland og sikrar ei felles forståing for prioriteringar og arbeidsområde. Dette er særleg viktig for å legge grunnlag for grøn verdiskaping og omstilling. Bedriftene kan også trekkast med i europeiske samarbeidsprosjekt med tanke på å utvikle nye produkt og tenester som kan løyse dei store samfunnsutfordringane vi står ovanfor.

Utvikling av kompetansen hos innbyggjarane gjennom livslang læring er avgjerande for å skape verdiar og møte behova i næringslivet. Internasjonalt samarbeid kan nyttast til å utvikle fleksible utdanningstilbod, styrke kvaliteten på opplæringa og styrke samhandling mellom opplæring og arbeidsliv. For ungdom gir internasjonalt samarbeid både interkulturell

kompetanse og spesifikk fagkompetanse og vil gi ein klar meirverdi for regionen. Kompetansen og erfaringa ungdommane tar med seg tilbake, vil gi større moglegheit for innovasjon og konkurransekraft. Elevar og lærlingar som har hatt praksisopphald i utlandet, er svært ettertrakta hos lokale og regionale verksemder.

Kunst,- kulturliv og kreativ næring er viktige regionale verdiskaparar. Vestland har mange gode aktørar og miljø innan det samtidige kunstfeltet som har tette samarbeid med andre aktørar internasjonalt. Dette er ein integrert og naturleg arbeids- og utviklingsmåte. Kunst- og kulturfeltet har sine nettverk innan dei ulike kunstfelta og sjangrane, og desse kan ofte vere skiftande. Kulturfeltet treng stimulans og støtte til å kunne utvikle og oppfylle internasjonale moglegheiter for organisasjonar, institusjonar og for den enkelte aktør. Dette gjeld heile feltet frå frivillig sektor i lokalsamfunnet, der barn og unge er ei viktig gruppe, til det profesjonelle kunst- og kulturarbeidet med profesjonelle utøvarar på høgste nivå. I ei global kunst,- og kulturverd skal fylkeskommunen medverke til beste for kunst- og kulturlivet i fylket.

1.4.2 Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling



Klima,- og miljø er døme på samfunnsutfordringar som i særleg grad går på tvers av nasjonale grenser og krev internasjonalt samarbeid for å skape kunnskap og finne løysingar. Mål 2 i utviklingsplanen knytter seg til FN berekraftsmål 13, 14 og 15, og handlar om klimaomstilling og -tilpassing, og berekraftig bevaring og bruk av naturressursar i havet og på land.

Green Deal er EU sin nye vekststrategi. Den legg opp til ei heilskapleg tilnærming i EUs klima- og miljøpolitikk som går på tvers av politikkområda. Berekraft skal integrerast i all politikktutforming og i gjennomføring og revisjon av eksisterande regelverk. Sentralt i strategien er at EU skal vere klimanøytral i 2050. Målet er å sikre ei meir berekraftig og sirkulær økonomisk utvikling, der naturkapital, miljø og helse vert tatt i vare. Nye, grønne arbeidsplassar skapast med mindre forureining og lågare klimagassutslepp. Strategien legg vekt på eit breitt partnerskap med både næringsliv, kommunar og regionar.

Ein ambisiøs europeisk klimapolitikk gir eit godt rammeverk og legitimitet for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med klima og miljø, inkludert prioriteringar for det grønne skiftet og omstillinga i næringslivet og i transportsektoren, med meir fokus på sirkulære løysingar og sikring av biologisk mangfald. Samstundes gir EU oss eit handlingsrom gjennom finansiering, metodikk og erfaringsutveksling.

Fylkeskommunen har satsa mykje på tilrettelegging for grøn energifornyning og nullutslepp i transportsektoren med elektriske ferjer og utbygging av elbilparken. Ei slik satsing frå

offentleg sektor skapar føreseielege rammevilkår. Fylkeskommunen har god erfaring med å bruke offentleg anskaffingar for å bygge infrastruktur. Tøffe miljøkrav for transportsektoren frå regjeringa og fylkeskommunen bidreg til at regionen er verdsleiane innanfor grønn skipsfart i dag. Internasjonalt samarbeid om miljøvennlege transportløysingar skapar moglegheiter for å forsterke vår satsing, spreie erfaringar, skaffe ny kunnskap og legge til rette for vidareutvikling av konsept og marknad.

Vårt internasjonale engasjement er primært retta mot FN sitt miljøprogram. Vestland må, til dømes, sikre EU sin standard for fersk- og saltvatn under «Vatndirektivet» og for luftkvalitet under EU sitt «Luftkvalitetsdirektiv». Noreg og Vestland er difor forplikta under eit felles europeiske rammeverk. Vi treng å skaffe oss kunnskap om eksisterande løysingar som vi kan nytte i vårt arbeid for å oppfylle nasjonale og EU sine miljøkrav.

Fylkeskommunen skal prioritere kompetanse om natur- og landskapsrestaurering, som er avgjerande for å handtere både klimakrisa og naturmangfaldskrisa. Vi har og hatt samarbeid rundt klimatilpassing og skogbruk. Våre topografiske høve har fleire likskapstrekk med land i Alpane, der ein aktivt vernar skog og skogskjøtsel for å førebygge naturskade. Kunnskapssamarbeidet styrkar fylkeskommunen si rolle som ein regional aktør for auka samfunnstryggleik og som kunnskapsleverandør for kommunane.

Gjennom samarbeid om forvaltning av sikkerheit, miljø og ressursar i Norden og nordområda bidreg vi til å utløyse potensialet for berekraftig vekst. Nordområdepolitikk er òg havpolitikk, og står difor sentralt i havregion Vestland.

1.4.3 Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland



Mål 3 i utviklingsplanen handlar om å gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige, og svarar til FN sitt berekraftmål 11. Byar og lokalsamfunn er motorar for vekst i sitt omland. Samstundes er dei den inste ramma om innbyggjarane sine liv og er viktige premissgjevarar for levkåra. Investeringar i lokalsamfunna sin attraktivitet er avgjerande for heile regionen sin sunnheit og produktivitet.

Dette målet går i særleg grad på tvers av alle sektorar i fylkeskommunen, og er avhengig av interne og eksterne samarbeid om kunnskap, planlegging og gjennomføring. Området er komplekst og i rask utvikling internasjonalt. Mange regionar og land i Europa har hatt ein kraftigare sentralisering og urbanisering enn oss og har ein godt utvikla agenda både når det gjeld distriktspolitikk og urban planlegging. Ved å vere til stades har vi nytte av andre sine erfaringar til å møte endringane på området i vår region.

For EU er dette eit prioritert innsatsområde, med mange moglegheiter for læring, påverknad og samarbeid. Det er mange område som kjem inn: Bustadpolitikk, arkitektur og estetikk, transportsystem og mobilitet, energi, klima og miljø, kultur,- og naturarv, risiko og tryggleik, miljøkvalitet, lokaldemokrati og inkludering. Internasjonalt samarbeid på området vil ofte gå på tvers av sektorar. Internasjonalt samarbeid kan og bidra til styrka samarbeidskultur internt i vår organisasjon og bruk av partnerskap, som er ein viktig ressurs for å lukkast på området.

Viktige internasjonale samarbeidsområde i EU er smarte kommunar, byar og lokalsamfunn. Smartsatsinga handlar om å bruke digital teknologi for å gi alle innbyggerane eit likeverdig og godt tenestetilbod, utnytte felles ressursar optimalt, auke lokalsamfunna sin produktivitet, og redusere klima- og miljøproblem.

Vern og bruk av kulturarv og kulturlandskap står sentralt i kompakt arealutvikling. Agenda 2030, løfter fram at kultur, kulturarv og kreativitet har betydning for menneskeheita og har eit stort potensial for å bidra til miljømessige, sosiale og økonomiske mål innanfor fleire av de 17 berekraftsmåla.

Effektiv og gjennomføringsretta planlegging er det viktigaste verktøyet for berekraftig by- og lokalsamfunnsutvikling. Det EU-baserte programmet URBACT held fram internasjonal kunnskapsdeling si rolle i å nå felles berekraftsmål. Gjennom deltaking i nordisk samarbeid får Vestland delta i fagleg utveksling og politisk påverknad når det gjeld regional utvikling og planlegging, der vi er med å bidra til utviklinga av regionpolitikk og berekraftig vekst i Norden.

Gjennom deltaking i internasjonal samarbeid om digitale løysingar bidreg fylkeskommunen til å effektivisere og modernisere offentleg sektor i Europa. Det bidreg til samordning mellom ulike IT-system slik at tenester flyt fritt på tvers av landegrensar og mellom ulike sektorar i det offentlege, private og mot innbyggerane.

1.4.4 Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping



Mål 4 formulerer strategiar for å styrke den sosiale dimensjonen av berekrafta. Målet knyter seg til FN berekraftsmål 4 og 10 om ulikskap og utdanning. I fylkeskommunal samanheng er målet særleg relevant for områda folkehelse, kultur og opplæring, som danner grunnlaget for all verdiskaping. Det knyter seg også til fylkeskommunen sitt nye ansvarsområde inkludering og integrering og den nasjonale satsinga på aldersvennlege samfunn. Dei sosiale, økonomiske og politiske konsekvensane av Covid-19 er òg eit sentralt internasjonalt samarbeidsområde.

Fylkeskommunen har god erfaring med internasjonalt samarbeid som verktøy gjennom opplæring og livslang læring, som gjer samfunnet i stand til å tilpasse seg nye behov. I internasjonal samanheng vert det snakka mykje om *livsbrei* læring, der vaksenopplæring og realkompetanse vert sett i ein breiare kompetansepolitisk samanheng. Integrering av innvandrarak og marginale grupper er eit tema som har tett samanheng med dette. I eit samfunn med aukande mangfald og aukande utanforskap vil det vere viktig for oss å følge med og påverke kunnskaps- og politikktutvikling.

Involvering av innbyggjarane er ein viktig premis for EU sitt arbeid i neste programperiode som startar i 2021. Viktige innsatsområde er å fremje demokrati og tryggleik gjennom eit inkluderande samfunn og å skape lokalsamfunn som er gode å leve i, for alle. Ei slik tilnærming krev eit tett samarbeid med kommunane og regionale og nasjonale FoU-miljø, som har eit breitt internasjonalt utdannings- og samarbeidsnettverk til det beste for Vestland. Tendensar til aukande polarisering i samfunnet krev ein open dialog og ein strategi for å sikre brei deltaking frå innbyggjarane. Integrering av utsette grupper og involvering av innbyggjarar må soleis vere ein horisontal tverrgående satsing i tenesteproduksjonen. Her er det mykje erfaring og læring å hente i våre eksisterande internasjonale nettverk og EU sit i førarsetet for ei slik satsing.

EU sitt program Kreativt Europa er ein av fleire arenaer som fremjar samarbeid blant aktørar på kunst- og kulturfeltet. Frivillig sektor og kulturfeltet nyttar i ulik grad EU sine satsingar på mobilitet, utveksling og fagleg fellesskap. Også innan profesjonell- og amatøriddrett og frivilligheit skjer det mykje innan internasjonale samarbeid. Fylkeskommunen skal stimulere til deltaking og bruk i Vestland.

Vi er avhengig av internasjonalt samarbeid på folkehelseområdet for å styrke arbeidet med kunnskapsutvikling, berekraftig vekst og velstand til beste for innbyggjarane si helse og trivsel. Det være seg bilateralt med våre nordiske naboland, eller multilateralt gjennom Verdens helseorganisasjon (WHO) og EU. EØS sine folkehelseprogram har som mål å styrke førebygging og redusere ulikskap i helse. Å styrke det internasjonale samarbeidet knytt til folkehelse og samfunnsutvikling bidreg til møte utfordringar i Vestland knytt til demografi, aukande ulikskap, fattigdom og aukande einsemd.

2 Verkemiddel og arbeidsmåtar

2.1 Internasjonalt samarbeid som eit integrert og interaktivt verkemiddel

2.1.1 Implementering i arbeidsområde, arbeidsmåtar og plansystem

Sektorane arbeider med ulike oppgåver og vil difor ha ulik tilnærming til internasjonalt samarbeid. Primært ligg ansvaret for å operasjonalisere strategi for internasjonalt samarbeid og prioritering av kva tiltak fylkeskommunen skal gå inn i, til den einskilde sektor. Sektorane skal gjere ei heilskapleg vurdering av bruken av internasjonale samarbeid basert på måla i utviklingsplanen og regionale planar. Vurderinga skal ha eit kost/ nytte perspektiv. Samstundes skal samarbeidet bidra til å auka samhøyrighet, demokrati og likeverd regionalt og globalt.

Den einskilde sektor skal vurdere behovet for samordning på tvers. Involvering og erfaringsoverføring er eit viktig verktøy for å utløyse potensialet i internasjonale samarbeid i alle sektorar.

I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:

- Utvikle kunnskap og kompetanse for ønska regional utvikling nedfelt i utviklingsplanen for Vestland
- Auke nyskaping og kvalitet i fylkeskommunen sine arbeidsområde og tenester
- Utløyse ekstern finansiering av utviklingsaktivitetar i Vestland
- Gi moglegheiter for å påverke viktige rammevilkår for Vestland
- Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet

Internasjonalt engasjement kan krevje ein ekstra innsats av fylkeskommunen i form av arbeidstimar og midlar. Utvikling av søknader om midlar til større prosjekt vil til dømes medføre ekstra kostnader. Innsatsen vil likevel kunne utløyse store midlar frå EU. Strategien skal styrke fylkeskommunen sine føresetnader for å hente ut meirverdi av internasjonalt samarbeid. Det vert utvikla ei sjekkliste for utvikling av søknad om internasjonale prosjekt.

2.1.2 Organisering og styring

Fylkeskommunen skal forankre og synleggjere internasjonalt samarbeid som verkemiddel i utviklingsplan, strategiar og regionalt planarbeid og i sitt styringssystem, her under økonomiplan, budsjett, kvalitetssystem og rapportering. Behovet for rullering av strategien for internasjonalt arbeid skal vurderast minst samstundes med utarbeiding av utviklingsplan (regional planstrategi).

Sektorane skal forankre og synleggjere sitt internasjonale samarbeid som verkemiddel i eigne strategiar, planer, budsjett og rapportering. Sektoren si internasjonale aktivitet skal vurderast minst årleg i samband med årsrapportering og budsjettarbeid.

Internasjonalt samarbeid der fylkeskommunen har ei leiande rolle og/eller som har økonomisk konsekvens, skal handsamast i samsvar med delegasjonsreglement. For anna samarbeid vurderer fylkesrådmannen om det internasjonale engasjementet er av ein slik karakter at det bør handsamast politisk.

2.2 Bevisstgjerung og kompetansebygging internt

Kunnskap om moglegheitsrommet for internasjonalt samarbeid, til dømes kunnskap om EU-systemet og EU sine verkemiddel, er viktige føresetnader for å få mest mogleg ut av fylkeskommunen sitt internasjonale engasjement. Vestland fylkeskommune skal bygge internasjonal kompetanse hos leiarar og medarbeidarar i eigen organisasjon. Det er viktig at folkevalde har god kunnskap om korleis EØS-avtalen fungerer og kva handlingsrom dette gir Noreg og norske regionar. Fylkeskommunen vil legge til rette for at medarbeidarar og folkevalde kan delta i aktivitetar som kan bidra til dette og sørge for deling av informasjon i etterkant.

For å vere fagleg oppdatert blir det stadig viktigare å ha internasjonale faglege kontaktnett og delta i internasjonale samarbeidsaktivitetar. Fylkeskommunen vil ha ein slik ambisjon for sine medarbeidarar integrert i personalpolitikken. Dei etablerte kontaktnetta skal kunne nyttast på tvers av sektorane, og dermed bidra til å styrke det tverrfaglege samarbeidet i organisasjonen. Sektorar som deltar i internasjonale samarbeidsaktivitetar har ansvar for å evaluere arbeidet og sikre at resultatane blir tatt i bruk og vidareført, slik at heile organisasjonen er informert om resultatane og kan dra nytte av dei.

2.3 Nettverksbygging

Institusjonell nettverksbygging er avgjerande for å kunne posisjonere seg og få tilgang til arenaer og partnarar, bygge kompetanse og vere ein del av informasjonsflyten.

Vestland fylkeskommune vil nytte medlemskapen i dei politiske interesseorganisasjonane CPMR (Conference of Peripheral and Maritime Regions) og Nordsjøkommisjonen (NSC) til politisk påverknadsarbeid og utveksling av idear og kompetanse med viktige samarbeidspartnarar.

Medlemskapen i EARLALL (The European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning) og Euromontana (European Association of Mountain Areas) skal nyttast strategisk for å oppnå måla i fylkeskommunen sin kompetansepolitikk og i innovasjonspolitikken for rurale område.

For eksportfylket Vestland er det viktig å delta i europeiske tematiske nettverk på område der Vestland fylke står sterkt. EU-kommisjonen har etablert tematiske plattformer for smart spesialisering på strategisk viktige område for å bygge nye verdikjeder, t.d. hydrogen og batteri. Vestland fylkeskommune vil prioritere deltaking i slike plattformer og vurdere fortløpande kva plattformer som er mest relevante basert på fylket sin strategi for smart spesialisering.

Vest-Noregs Brusselkontor (VNB) er eit viktig verktøy for å gjere Vestland synleg i Brussel. Medlemskapen gir oss eit unikt nettverk som omfattar Europeiske regions- og kunnskapskontor i Brussel, og eit stort forskings- og innovasjonsnettverk. Fylkeskommunen vil nytte VNB sine kompetansehevings- og informasjonstenester og bestille leveransar på område der vi har særskilde behov.

Det finst mange faglege nettverk og alliansar som tilbyr kunnskapsdeling og kompetanseheving, og i nokre tilfelle prosjektfinansiering. Deltaking i desse skal vurderast av den einssilde sektor basert på faglege omsyn og eit kost/nytte perspektiv. Fylkeskommunen er positiv til vidare deltaking i NORA (Nordisk Atlantisk samarbeid) som ein lekk i Vestlandsrådet sitt internasjonale engasjement.

2.4 Internasjonalt prosjektsamarbeid

2.4.1 Fylkeskommunen si deltaking i EU prosjekt

EU-programma opnar for at regionane kan dele erfaringar og praksis, og finne løysingar på felles utfordringar innanfor rammene av EU sin politikk. Vestland fylkeskommune vil delta i desse programma på område som er i samsvar med dei politiske prioriteringane i utviklingsplanen.

Fylkeskommunen har som ambisjon å ta initiativ til 2-3 større prosjektsøknader kvart år saman med viktige regionale samarbeidspartnarar. Dette er utlysingar innfor EU-program med moglegheiter for store løyvingar til innovasjonsprosjekt med betydelege samfunnsmessige effektar. Det må setjast av eigne løyvingar i budsjettet til utvikling av prosjektsøknader. Utvikling og deltaking i andre typar prosjekt skal finansierast over driftsbudsjettet.

Følgjande EU-program skal prioriterast:

Erasmus – EU sitt opplæringsprogram. Fylkeskommunen vil nytte Erasmus-programmet til å gi elevar, lærlingar og tilsette i vidaregåande opplæring moglegheit til å delta i utvekslings- og kvalitetsutviklingsprosjekt med europeiske partnerar, der fagkunnskap, kultur- og språkkompetanse står sentralt. Fylkeskommunen vil nytte dei moglegheitene som finst i programmet til å delta i prosjekt basert på lokale og regionale partnerskap som kan bidra til å utvikle rett kompetanse for framtida i Vestland, og som kan bidra til at alle grupper i befolkninga blir inkludert i eit løp for livslang læring.

Interreg - EU sitt program for regional utvikling. Pilotaktivitetar og testing av nye teknologiar og løysingar er ofte ein del av prosjektsamarbeid der offentleg sektor deltek. Fylkeskommunen vil nytte Interreg-programmet til å delta i prosjekt som handlar om tenesteutvikling lokalt og regionalt, til dømes uttesting av løysingar i samarbeid med innovasjonsselskap eller privat sektor.

Horisont Europa - EU sitt program for forskning og innovasjon. Fylkeskommunen vil prioritere deltaking i innovasjonsprosjekt med partnerar frå forskingsinstitusjonar og privat sektor. Slike prosjekt kan til dømes ha ein utløysande effekt ved å finansiere teknologiar i tidleg utviklingsfase. Prosjekta skal, der det er mogleg, koplast opp mot offentlege innkjøpsprosessar for å redusere risikoen for aktørane som deltar i utviklingsarbeidet.

Vestland fylkeskommune ser på **EØS-midlane** som eit viktig verktøy for å auke samhoøyra i Europa og jamne ut skilnadene mellom regionane. Deltaking i EØS-prosjekt skal vurderast ut frå tema, relevans og kapasitet i eigen organisasjon.

2.4.2 Involvering av andre aktørar i Vestland fylke

Fylkeskommunen skal aktivt trekke andre aktørar i Vestland med i internasjonale samarbeidsprosjekt. Dei regionale partnerane ser ofte på fylkeskommunen som ein naturleg koordinator som tek initiativ til å utvikle og gjennomføre slike prosjekt. Eit regionalt partnerskap kan til dømes omfatte kommunar, regionråd, forskingsinstitusjonar, klynger, bedrifter, kulturinstitusjonar og frivillig sektor. I fleire tilfelle er det krav om breitt samansette partnerskap i prosjekta. Privat sektor har til dømes ofte best kjennskap til gode løysingar, og kommunar har best kjennskap til lokale behov og utfordringar og kva innbyggjarane er opptekne av. Internasjonalt arbeid skal føregå så nært innbyggjarane som mogleg for at resultatane skal kome befolkninga til gode.

Fylkeskommunen skal mobilisere kommunar, bedrifter, kultursektoren, skular og frivillig sektor til å ta i bruk EU-program som verkemiddel i sitt eige utviklingsarbeid. Dette kan til dømes gjerast gjennom å koordinere regionale og lokale samarbeidsarenaer og nettverk for å styrke kunnskap og kompetanse om internasjonalt samarbeid. Dei fleste små og mellomstore kommunane har ikkje kapasitet eller god nok informasjon og kompetanse til å delta i europeisk samarbeid. Her vil fylkeskommunen ta eit ansvar for rettleiing.

Kulturfeltet er sterkt prega av internasjonalt samarbeid. Dette gjeld heile feltet frå frivillig sektor til det profesjonelle kunst- og kulturarbeidet. EU sitt kulturprogram er eit viktig program for lokale og regionale kulturinstitusjonar og legg til rette for samarbeid gjennom utveksling av kulturarrangement, mobilitet for tilsette og kulturelle utviklingsprosjekt. Fylkeskommunen vil ha ei rettleiande rolle for å legge til rette for ei breiare deltaking frå kultursektoren.

Utteksling for ungdom er eit sentralt innsatsområde for fylkeskommunen. Elevar, lærlingar og tilsette i heile fylket kan delta i program for utveksling og praksisopphald i utlandet. Slik kunnskapsdeling og erfaringsutveksling gir verdi både for den einkilde og for samfunnet.

2.5 Samarbeidsregionar

Vestland fylkeskommune vil vidareføre faste samarbeidsrelasjonar med seks europeiske regionar; Orknøyene, Cardiff, tidlegare Nedre- Normandie (no Normandie), Kaunas, Edinburgh og delstaten Thüringen/ byen Erfurt i Tyskland. I botn for dette ligg sterke historiske band. Når det gjeld Skottland, er det òg ei sterk nabokjensle og både Skottland og Irland ligg i vesterled og har ei sterk felle vikinghistorie med oss. Samarbeidet med regionane i Storbritannia vert desto viktigare etter at Brexit trer i kraft.

Vestland fylkeskommune vil særskild ha fokus på samarbeidsaktivitetar på kultur- og opplæringsfeltet, som til dømes vg2-klassar, kunstnarutveksling og kulturminnevern. Det skal òg leggjast til rette for erfaringsutveksling knytt til næringsutvikling generelt og utvikling av spesielle næringar.

2.6 Påverke rammevilkåra for Vestland fylke

EU sin regionalpolitikk legg rammer for norsk regional- og distriktspolitikk. EU sin klimapolitikk (the European Green Deal) og EU sin konkurransepolitikk er også viktige rammevilkår for utviklinga i Vestland. Vestland fylkeskommune vil bygge informasjonssystem for å fange opp viktig politikkendring. Dette vil gjere oss betre i stand til å forstå kva som skjer og til å påverke politikkutforminga. Vest- Norges Brusselkontor og norske aktørar i Brussel, til dømes KS, vil vere viktige lyttepostar og samarbeidspartnarar. Gjennom deltaking i politiske organisasjonar, til dømes Nordsjøkommisjonen og CPMR, har Vestland, på lik line med regionar i EU sine medlemsland, ein kanal inn i EU-systemet for å påverke EU sin politikk.

Vestland fylkeskommune vil nytte kunnskapen vi får tilgang til gjennom europeiske nettverk, i dialogen med nasjonale styresmakter om Noreg sin europapolitikk. Europapolitisk forum er ein viktig nasjonal arena for Vestland fylkeskommune. Dette kan sikre betre samspel mellom nasjonalt og regionalt nivå.

Prioriterte tema:

- Rammevilkår for næringslivet; inkl. handelsavtalar
- Rammevilkår for distriktspolitikken; mellom anna statstøtteregulverket
- Rammevilkår for å yte offentlege tenester
- Rammevilkår som gir ressursforvaltning, miljø og klima (energipolitikk, Nordsjøen sin miljøtilstand, forvaltning av fiskeriressursane våre og liknande

Vedlegg 1

Vedlegget gjør greie for dei viktigaste og mest sentrale områda for internasjonalt samarbeid som er ført vidare frå Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylkeskommune, etter regionreforma 1. januar 2020. Oversikten vert revidert ved rullering av strategien.

1. Oversikt over sentrale internasjonale samarbeid

	Post	Aktivitet og innhald (avtalar/ tiltak/ prosjekt/ fora)	Type	Start dato	Slutt dato	Forankring i regional plan	Sektor	An- svar	Kommentar
1	Field of goals: Co-production and implementation of the Sustainable Development (FOG)	Samskaping og implementering av berekraftmåla i regional og kommunal planlegging	FoU	2020	2023	Utviklingsplan for Vestland	Regional utvikling	SUD	
2	Nordisk ministerråd: Nordic Co-operation Programme for Regional Development and Planning 2017-2020	Sustainable Cities and Urban Development in the Nordics	Nettverk	2017	2020	Utviklingsplan for Vestland	Regional utvikling	SUD	

3	WHO i Norge: Sunne kommunar	Samarbeid og utveksling av erfaringar frå folkehelsearbeidet	Nettverk	Ikkje starta	Årvis	HFK Regional plan for folkehelse	Regional utvikling Folk.helse	SUD	
4	Samarbeidsprogram HFK-Kvam vgs./St. Paul Lutheran High School i Missouri, USA	Elevar i Vestland kan ta Vg2 (stusp) i USA i regi av fylkeskommunen ved skulen	Avtale		Godkj Diku tom.. skule året 2021-2022		Opplæring	OPK	Godkjent Diku + utdanningsstøtte gjennom Statens Lånekasse Max 30 elevar Kvam vgs. er koordinatorskule
5	Samarbeidsprogram HFK-Knarvik vgs./byen Cardiff i Wales	Elevar i Vestland kan ta Vg2 (stusp) i Cardiff i Wales i regi av fylkeskommunen ved fem forskjellige skular	Avtale		Godkj Diku tom. skule året 2021-2022		Opplæring	OPK	Godkjent Diku + utdanningsstøtte gjennom Statens Lånekasse. Max 25 elevar Knarvik vgs. er koordinatorskule og tek imot elevar frå Cardiff 1-2 veker i året
6	Samarbeidsprogram HFK-Voss gymnas/regionen Normandie; Frankrike	Elevar i Vestland kan ta Vg2 (stusp) i Normandie i regi av fylkeskommunen ved fire forskjellige skular. Vestland skal ta imot elevar frå skulane i Normandie frå 5 – 12 veker kvar vår	Avtale		Godkj Diku tom. skule året 2021-2022		Opplæring	OPK	Godkjent Diku + utdanningsstøtte gjennom Statens Lånekasse Godkjenning for maks 15 elevar Voss gymnas er koordinatorskule
7	Samarbeidsprogram HFK-Askøy vgs./byen Erfurt i Tyskland	Elevar i Vestland kan ta Vg2 (stusp) ved ein skule i Erfurt i regi av fylkeskommune	Avtale		Godkj Diku tom.		Opplæring	OPK	Godkjent Diku + utdanningsstøtte

					skule året 2021- 2022				gjennom Statens Lånekasse Godkjenning for maks 12 elevar Askøy vgs. er koordinatorskule
8	Samarbeidsprogram HFK- Askøy vgs./byen Erfurt i Tyskland	Elevar i Vestland kan ta Vg2 (elektro) ved ein skule i Erfurt i regi av fylkeskommunen	Avtale		Godkj Diku tom. skule året 2021- 2022		Opplæring	OPK	Godkjent Diku + utdanningsstøtte gjennom Statens Lånekasse. Godkjenning for maks 10 elevar. Askøy vgs. er koordinatorskule
9	Samarbeidsprogram HFK- Amalie Skram vgs./St. David's High School i Midlothian i Skottland	Elevar i Vestland kan ta Vg2 (stusp) i Skottland i regi av fylkeskommunen ved skulen	Avtale		Godkj Diku tom. skule året 2021- 2022		Opplæring	OPK	Godkjent Diku + utdanningsstøtte gjennom Statens Lånekasse. Godkjenning for maks 15 elevar. Amalie Skram vgs. er koordinatorskule
10	Nordisk samarbeid Vennsbyanes ungdomskonferanse Lærarutveksling	Samarbeid saman med Bergen kommune og deira vennsbyar Åbo, Gøteborg og Århus, samt Flensburg i Tyskland. Kvart år blir det arrangert ein ungdomskonferanse (VUK), lærarutveksling og skulesjefsmøte på omgang. <ul style="list-style-type: none"> • Vestland FK og Bergen kommune er vertskap for lærarutveksling og 			Ingen		Opplæring	OPK	

		skulesjefsmøte i november 20							
11	Gjør det! Programmet	Uttekslingsprogram for fag- og yrkesopplæring retta mot Tyskland			2020		Opplæring	OPK	Tilskot til å sende følgepersonar frå Askøy vgs. til Andreas Gordon Schule i Erfurt (elektroelevene)
12	Yrkesfagleg praksis i utlandet for elevar (YFF) og lærlingar (læretid)	Erasmus+ VET mobilitet		Årvis	Mai 2020 Mai 2021 Mai 2022		Opplæring	OPK INN	Kvart 2 år For skular og opplæringskontor/lærebedrifter. Mellom 100 – 120 mobilitetar kvart år. EU-tilskot - dekker reise og opphald
13	Hospitering i utlandet for yrkesfaglærarar (opplæringsansvarlege)	Erasmus+ VET mobilitet		Årvis	Mai 2020 Mai 2021 Mai 2022		Opplæring	OPK INN	Kvart 2 år For skular og opplæringskontor/lærebedrifter. Mellom 100 – 120 mobilitetar kvart år. EU-tilskot - dekker reise og opphald
14	Hospitering/kurs i utlandet for lærarar og rådgivarar i administrasjonen	Erasmus+ mobilitet		2019	Mai 2021		Opplæring	OPK	Konsortiumsøknad m/fire skular. Kompetanseheving for lærarar. 5 ulike tema – ca. 40 mobilitetar. EU-tilskot - dekker reise og opphald

15	Partnarprosjekt: On Your Bike!	Erasmus+ partnerskap			Aug 2021		Opplæring	OPK INN	Samarbeid med fleire europeiske land Fokus på å få fleire elevar og vaksne til å bruke sykkel til skulen EU-tilskot
16	Hospitering/ kurs for vaksenopplæringsentre	Erasmus+ mobilitet for vaksenopplæring		2019	Mars 2021		Opplæring	OPK	Vidareutdanning/kompetanseheving Integrering, språk/kultur som ressurs i klasserommet, nettverk og inspirasjon EU-tilskot
17	Erasmus+ VET Charter	Sertifiseringsordning i Erasmus+ VET Mobilitet. Kvalitetsstempel		2015	2020		Opplæring Regional utvikling	OPK INN	Sertifisering– gir enklare søknads- og rapportering for Erasmus+ VETmobilitet
18	EØS midlane	«Education of extraordinarily talented students and further education of pedagogical staff in the Pilsen and Hordaland Regions” Gjensidig studiebesøk, workshops og jobbskygging for administrasjonen i avd. for opplæring og kompetanse + to skular med Tsjekkia			2020 (21)		Opplæring	OPK	Auke kompetansen til skuleleiarar og pedagogisk tilsette knytt til elevar med stort læringspotensial Søkt om utsetting grunna Covid-19. Planlagt gjennomført våren 2020

19	CPMR - Conference of Peripheral and Maritime Regions		Medlem sorganis asjon				Regional utvikling	INN	
20	NSC - North Sea Commission		Medlem sorganis asjon				Regional utvikling	INN	
21	EuroMontana	Europeiske fjellsamfunn samarbeider både fagleg og politisk om den «breie» distriktspolitikken	Medlem sorganis asjon				Regional utvikling	INN	
22	EARLALL – European Association of Regional & Local Authorities for Lifelong Learning		Medlem sorganis asjon				Livslang læring	INN	Prosjektsamarbeid
23	Vest Norges Brusselkontor		Medlem sorganis asjon				Regional utvikling	INN	
24	NORA - North Atlantic Cooperation	Samarbeid mellom Island, Færøyene, Grenland og Norge under Nordisk ministerråd. Vestland leder komiteen i 2020, vervet frå VR	Medlem sorganis asjon				Regional utvikling	INN	
25	Europapolitisk Forum	Nasjonalt nettverk for Fylkesordførar - møte mellom dei forskjellige forvaltningsnivå - nytt mandat under arbeid	Nettverk				Regional utvikling	INN	
26	Nasjonalt sub-komité for Interreg B og C program	Nasjonalt nettverk for Interreg B & C program – prosjekt evaluering og tildeling av midlar	Nettverk				Regional utvikling	INN	

27	Hydrogen Valleys		Nettverk				Energi	INN	EU Smart Specialisation Platform
28	Råmateriale for batteriteknologi		Nettverk				Energi	INN	EU Smart Specialisation Platform
29	Maritime Renewable Energy		Nettverk		Registrert interesse		Energi	INN	EU Smart Specialisation Platform - deltaking til vurdering
30	High Tech Farming		Nettverk		Registrert interesse		Landbruk	INN	EU Smart Specialisation Platform - deltaking til vurdering
31	Internasjonalt kommunenettverk Vestland	Regionalt nettverk for kommunar, mobilisering til bruk av EU-verkemidlar, prosjektutvikling	Nettverk				Lokal-regional utvikling	INN	
32	Internasjonalt fylkesnettverk	Nasjonalt nettverk for internasjonalisering med ulike departement og KS. Tema regional utvikling, lobbying og påverking	Nettverk				Regional utvikling	INN	
33	International Centre for Career Development and Public Policy ICCDPP	Globalt nettverk karriererettleiing. Kompetanse Norge er nasjonal medlem, men regionale sentre bidrar og deltar (Karriere Vestland)	Nettverk		Symposie kvar 2 år		Karriere Rettleiing	INN	

34	CEDEFOP European center for the development of vocational training	Fagutdanningspolitikk (VET) - (sentral for Karriere Vestland sitt arbeid)	Nettverk					INN OPK	
35	RIGHT - Right Skills for the Right Future		EU finans. prosjekt		Des. 2021		Kompetanse	INN	Interreg Nordsjøprogram 50% finansiert
36	RRI2SCALE - Responsible Research and Innovation Ecosystems at Regional Scale for Intelligent Cities, Transport and Energy		EU finans. Prosjekt		Des. 2022		By/ regional utvikling	INN	Horizon 2020, 100% finansiert
37	ALBATTTS - The Alliance for Batteries Technology, Training and Skills		EU finans. prosjekt		Des. 2024		Energi	INN	Erasmus+ Sector Skills Alliance, 80% finansiert
38	P-IRIS - Policies to Improve Rural areas' Innovation Systems		EU finans. Prosjekt		Juni 2021		Regional utvikling	INN	Interreg Europe, 50% finansiert
39	Peer Review		EU finans. Prosjekt		Des. 2020		Regional utvikling	INN	Interreg Europe, 50% finansiert Verktøy for prosjektgjennomføring knytt til P-Iris
40	Erasmus+ VET mobilitet - tverrsektorielle gruppeprosjekt kommunar		EU finans. Prosjekt		Årleg		Lokalsamfunn utvikling	INN	Erasmus+ VET Mobilitet 100% finansiering, samarbeid med avd. Opplæring og kompetanse

41	YESpecialists - Entrepreneurial Spirit Specialists	Erasmus+ Aktiv ungdom - Strategisk partnerskap	EU finans. prosjekt		2020-2022		Ungt entreprenørskap	INN	Om lag 80%finansiert frå EU
42	Stride4Stride for skills adaption/anticipating in European regions	Erasmus+ Strategisk partnerskap	EU finans. Prosjekt		2020-2022		Kompetanse	INN Hardanger rådet	Identifisera behov for kompetanse og tilpassa tilbod om utdanning/lære Om lag 80%finansiert frå EU
43	RegALE- Regional capacity for Adult Learning and Education	Erasmus+ Sektor Skills allianse	EU finans. Prosjekt		2020-2023		Kompetanse Inkludering	INN, KII	Dialog og samarbeid mellom vaksenopplæring og aktørar på lokalt og regional nivå Utvikle nettverk og samarbeidsstruktur 80% EU finansiert
44	Erasmus+ Karriererettleiing	Erasmus+ mobilitet	EU finans. Prosjekt		Mai 2021		Karriere rettleiing	INN	Erasmus+ mobilitetsprosjekt Karriererettleiing 80-100% EU finansiert
45	Support to Entrepreneurial Activities in Riga Planning Region		EØS-finans. Prosjekt		2023		Entreprenørskap	INN	EEA- Grants, Norwegian Financial Instruments, 100% finansiering

46	Helpdesk Horizon 2020		Prosjekt Anna eller egen finans.		Des. 2020		Rettleiing EU-program	INN	Regionalt nettverk - mobilisering til H2020 og HEurope, regionalt spleiselag
47	Horisont Vest		Prosjekt Anna eller egen finans.		Des. 2020		Mobilisering EU-program	INN	Mobilisering av verksemd, klynger, forskning til H2020, 100% finansiert NFR
48	EU-nett Sogn og Fjordane		Prosjekt Anna eller egen finans.		Des. 2020			INN	Mobilisering av verksemd, offentlig sektor, forskning til H2020, 100% finansiert NFR
49	Mentorordning, NFR		Prosjekt Anna eller egen finans.		Des. 2021		Mentor Ring	INN	Mentorprogram for Horizon Europe - kompetansebygging innafor offentlig sektor
50	Utviklingsavtalen mellom Vestlandsforskning og Sogn og fjordane fylkeskommune		Prosjekt Anna eller egen finans.		Juni 2020		Regional utvikling	INN	Bygge ny kunnskap og kapasitet på områder med felles interesse og behov, internasjonalisering mm.
51	Nasjonalt kontaktpunkt Interreg Nordsjøprogrammet		Verv / rolle					INN	Nasjonalt verv tildelt Vestalandsrådet,

									utført av Hordaland / Vestland
52	Nordsjøprogrammet - Steering Committee		Verv / rolle					INN	EU land og Norge, evaluering og tildeling av prosjektmidler
53	Nordsjøprogrammet - Monitoring Committee		Verv / rolle					INN	EU land og Norge, overordna avgjerdsorgan Nordsjøprogram
54	Internasjonal gruppe, Vestlandsrådet		Arbeids gruppe					INN	Samarbeid for å få opp sakar med internasjonal relevans for VR
55	Evaluation Steering Group, Nordsjøprogrammet		Arbeids Gruppe		Des. 2020			INN	EU land og Norge, evaluering av Nordsjøprogram 2014-2020
56	Programme Preparation Group for Nordsjøprogrammet		Arbeids Gruppe		Des. 2020			INN	Europeisk komité som utarbeider Nordsjøprogram 2021-2027
57	Invest in Bergen	Program finansiert av Vestland fylkeskommune og 17 kommunar, inkludert Bergen Egen styringsgruppe med to politikarar frå Vestland fylke, byråd i Bergen samt ordførarar i seks kommunar			Ny progr ampe riode 2021-2024			INN	Fasilitator for utanlandske selskap for å etablere seg i regionen, tilrettelegging av datasentre og mottak av delegasjonar

58	Edinburgh		Sam arbeids region		Årleg - formalisert avtale		Kultur Opplæring	KII OPK	Leverer juletre og Fylkesordfører eller Fylkesvaraordfører besøker kvart år. VG2-klasse. Samarbeid med General Konsul og Ambassaden i London
59	Orknøyane		Sam arbeids region		Årleg - formalisert avtale		Kultur	KII	Leverer juletre og Fylkesordfører eller Fylkesvaraordfører besøker kvart år. Ev. fagleg program Samarbeid med Ambassaden i London
60	Kaunas		Sam arbeids region		Samarbeid savtalle 2004		Regional utvikling, opplæring	INN	Prosjektsamarbeid innan EØS-midlane og anna aktivitet
61	Thüringen		Sam arbeids region				Opplæring	OPK	Samarbeid om mobilitet og utveksling, VG2-klasse
62	Gorenjska, Slovenia		Sam arbeids region				Regional utvikling	INN	Samarbeid om mobilitet og prosjektutvikling
63	Normandie		Sam Arbeidsregion		Formaliser		Kultur Opplæring	KII, OPK	Har vore fagmøte om akvakultur, fornybar energi og

					t avtale ikkje forny a				hydrogen. VG2- klasse
64	SPARSE- Support and Promoting Arts in Rural Settlements in Europa	Har som mål å utveksle erfaring med turnering av kultur i rurale område og å utveksle kulturprogram mellom dei ulike partnerlanda. Prosjektet g år over tre år med oppstart våren 2018, og vert ein prioritert innsats i Den kulturelle skulesekken i prosjektperioden	Creative Europe: Culture	2018	2021	Kultur for alle Regional plan for kultur for Sogn og Fjordane 2019-2027	Kultur	KII	Skal bli permanent nettverk for turnering av kunst og kultur i rurale områder i Europa. Vestland fylkeskommune er del av nettverket Vert del av programmering av Den kulturelle skulesekken
65	“HoME – Heritage of My Environment”	Styrke lokal kulturminneforvaltning ved å forbedre rettleiarar og rådgjevingmateriell for kommunanes arbeid med kulturminneplanar	EØS Kunnsk. prosjekt				Kultur	KII	
66	European Council of Spatial Planners	Forum for kommunale planleggarar internasjonalt nettverk	Nettverk				Plan	SUD	

2. Informasjon om sentrale internasjonale samarbeid

2.1 Samarbeidsregionar

Tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde faste samarbeidsrelasjonar med seks europeiske regionar; Orknøyene, Cardiff, tidlegare Nedre- Normandie (no Normandie), Kaunas, Edinburgh og delstaten Thüringen/ byen Erfurt i Tyskland. I botn for dette ligg sterke historiske band. Når det gjeld Skottland, er det òg ei sterk nabokjensle og både Skottland og Irland ligg i vesterled og har ei sterk vikinghistorie til felles med oss. Vestland fylkeskommune vil vidareføre desse samarbeidsrelasjonane. Samarbeidet med regionane i Storbritannia vil vere særskild viktig etter at Brexit trer i kraft.

Samarbeid over lang tid har gjort at det er opparbeidd eit tillitsforhold mellom regionane, og det har vist seg enklare å få til samarbeidsaktivitetar når både dei administrative og politiske banda utviklar seg over tid. Kultursamarbeidet har vore ein basis for kontakt og samarbeid på andre fagområde.

Dei beste resultatane har vi oppnådd innan kultur og opplæring, men samarbeidet har òg gitt høve til erfaringsutveksling knytt til næringsutvikling, både når det gjeld arbeidsmetodar og utviklinga av spesielle næringar.

På kulturfeltet er det samarbeid om kulturminnevern og festivalar i Skottland og kunstnarutveksling og den kulturelle skulesekken samt samarbeidet på museumsfeltet i Nedre- Normandie som har vore viktigast. Ein viktig del av samarbeidet med Orknøyane og Edinburgh har vore vinterfestivalane – det vil seie at fylkeskommunen har gitt juletre og kunstnarlege opplevingar til Kirkwall/ St. Magnus katedralen og til Edinburgh.

Ein av pilarane i samarbeidet har vore tilbodet til elevar frå heile Vestland om å ta Vg2 i ein av samarbeidsregionane; Cardiff, Normandie, Thüringen eller Skottland. I tillegg til samarbeidsregionane er det òg eit tilbod om Vg2 i Missouri, USA. Førebels er det avgrensa til studieførebuande programområde og elektrofag (berre i Thüringen). Tilbodet er del av den internasjonale satsinga i fylkeskommunen for at ungdom skal få moglegheit til utvikle interkulturell kompetanse i tillegg til utvida fagkunnskap og auka motivasjon. Dette har opna for auka bilateralt samarbeid mellom skulane. Vg-2 tilboda har støtterett i Statens Lånekasse.

2.2 Bilateralt samarbeid mellom skular

Dei fleste vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune har eigne prosjekt. I tidlegare Hordaland var det mange aktivitetar innanfor språkopplæring og Erasmus + Vet mobilitet. Tidlegare Sogn og Fjordane hadde to Erasmus+ partnerskapsprosjekt, og opplæringskontora hadde samarbeidsavtalar med eigne partnarar, og fylket var ikkje ansvarleg her.

Amalie Skram vgs har avtalar med skular i Japan, Kina, Austerrike, Martinique, Spania og Tyskland om å sende 1-2 elevar til samarbeidsskulane for å ta Vg2. Tilboda har støtterett i Statens Lånekasse.

2.3 Internasjonale interesseorganisasjonar og nettverk

EARLALL - The European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning

Målet med EARLALL er å auke og framheve regionane og dei lokale myndigheitene si rolle i planlegging og implementering av strategiar for livslang læring (LLL). Fylkeskommunen har vore medlem sidan 2018. Medlemskontingent: EUR 3.295 per år, om lag NOK 35 000.

EARLALL er basert i Brussel og blir forvalta av ei generalforsamling, medlemmane og representantskap for desse. Noverande representantskap er region Baskerland. Nettverket samlar i alt 12 medlemsregionar i Europa (40 millionar innbyggjarar) og eit omfattande nettverk av partnerorganisasjonar. Dei arrangerer ulike arrangement og konferansar, legg til rette for prosjektsamarbeid og fører ein aktiv dialog med EU-institusjonar med mål om å påverke EU-politikk og samarbeid innan LLL.

Nettverket fremmer utveksling av informasjon, erfaringar, kompetanse og deling av god praksis innan dagsaktuelle tema. Aktivitetane er hovudsakeleg finansiert av EU- prosjekt og utvikla i dei tematiske arbeidsgruppene: Aldrande befolkning, ungdomspolitik, mobilitet i yrkesutdanning, integrering, karriererettleiing og vaksenopplæring:

- EARLALL har vore særskilt viktig i høve til å ta i bruk EU-midlar som verkemiddel i kompetanse- og utviklingsarbeidet innan livslang læring. I 2020 har det resultert i at Vestland deltek i tre EU-finansierte Erasmus+ prosjekt, initiert av EARLALL
- "YESpecialists" - Youth EntreprenEuroial Spirit Specialists- skal styrke entreprenørskap blant unge i distrikta
- "RegALE" - Regional capacity for Adult Learning and Education- skal utvikle nettverk og samarbeidsstrukturar innan vaksenopplæringa, med fokus på inkludering
- "Stride4Stride"- for skills adaption/ anticipating in European Regions- skal utarbeide eit nytt "Økosystem for regionale kompetansebehov" (Hardangerrådet og Karriere Vestland).

Euromontana

Sogn og Fjordane fylkeskommune var medlem i Euromontana sidan tidleg på 2000-talet. Euromontana er ein medlemsorganisasjon for fjellregionane i Europa. Organisasjonen har ulike typar medlemmer frå regionalt og nasjonalt nivå som regionale styresmakter, forskings- og utdanningsinstitusjonar og interesseorganisasjonar. Føremålet er å fremje gode levekår og berekraftig utvikling i fjellsamfunna.

Euromontana arbeider med å få saker opp på den europeiske politiske dagsorden, utvikle samarbeid mellom fjellregionar i Europa, næringsutvikling, regional- og distriktpolitikk, infrastruktur og gode, offentlege tenester. Lobbyarbeidet er basert på resultat og tilrådingar utvikla gjennom Europeisk prosjektsamarbeid og gjennom workshops/ konferansar. Det er mellom anna planar om å medverke til etablering av ei «Intergroup» i EU- parlamentet om tema smarte bygder i fjellsamfunn/-distriktssamfunn.

Euromontana har arbeidd godt med å sikre merkenamnet 'fjellprodukt' reservert til mat frå fjellregionen. Dei har arbeidd mykje med fellesgodefinansiering i landbruket og avslutta i februar 2020 eit prosjekt innan tema sosialt entreprenørskap/ sosial innovasjon.

I 2019 var desse fylkeskommunane medlem i Euromontana: Buskerud, Sogn og Fjordane, Telemark, Oppland, Hedmark. Andre medlemmer var: Østlandsforskning, Vestlandsforskning og Utmarkkommunanes samanslutning (USS). Dei norske medlemmene har tre styreplassar. Sogn og Fjordane fylkeskommune var representert i styret i 4-årsperioden 2012- 2016.

Medlemskapen i Euromontana kostar EUR 1155.

NCS (Nordsjøkommisjonen) og CPMR (Committee of Peripheral and Maritime Regions)

CPMR er ein Europeisk interesse- og lobbyorganisasjon som inkluderer 150 kystperifere regionar frå 24 europeiske land. Organisasjonen vart etablert i 1973, og representerer i dag om lag 200 millionar innbyggjarar. Føremålet med organisasjonen er å få regionane i Europa til å samarbeide for å sikre at EU- institusjonar og nasjonale regjeringar tar omsyn til og lyttar til regionane sine interesser og synspunkt. Organisasjonen skildrar seg sjølv som ein tenketank og lobbyorganisasjon, og arbeider med konkrete politikkområde og politiske saker. CPMR følger særleg opp regional-, transport- og maritimpolitikken til EU, men energi og miljø, naboskap, migrasjon og utvikling er også viktige satsingsområde.

CPMR er ein paraplyorganisasjon med seks geografiske kommisjonar. Ein av desse er Nordsjøkommisjonen (NSC). NSC ein arena for regionar rundt Nordsjøen for å samordne interesser, utveksle erfaringar og utvikle politikk. Medlemskap i CPMR er ein føresetnad for deltaking i NSC.

NSC sin Nordsjøstrategi 2030 er styrande for arbeidet i organisasjonen. Strategien skal godkjennast på årsmøtet i november. Kommisjonen har fire tematiske arbeidsgrupper som arbeider med innsatsområde knytt til Nordsjøstrategien. Desse er: 1. Produktivt og berekraftig hav, 2. Klimanøytralitet, 3. Berekraftig transport og 4. Ein smart Nordsjøregion. Gruppene arbeider med politikktutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap, og er ein viktig politisk arena som også gir gode høve for fagleg samarbeid. Vestland fylkeskommune deltek i alle dei fire arbeidsgruppene, både politisk og administrativt.

Samla medlemskap i CPMR og NSC kostar EUR 16 621 pr. år.

NORA (Nordisk Atlantsamarbeid)

Vestlandet, gjennom Vestlandsrådet, er ein av dei fem geografiske regionane i NORA, og ein av to norske regionar som representerer «Kyst-Noreg». Resten av «Kyst-Noreg» vert representert gjennom «Nord- samarbeidet». Historisk har Sogn og Fjordane fylkeskommune ivareteke funksjonen i NORA på vegne av Vestlandsrådet. Frå 2020 er det Vestland fylkeskommune som har dette ansvaret.

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram og er finansiert av Nordisk Ministerråd og dei deltakande regionar; Island, Færøyane, Grønland, Vestlandet og Nord- Norge. Siste året har NORA i ein viss grad utvida sitt regionale samarbeide vestover, i første rekke mot Skottland. NORA skal bidra til

vekst i regionane m.a. gjennom å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av region- og landegrensene.

NORA tek initiativ til, og deltek i strategiske prosjekt som bidreg til å styrke samarbeidet mellom dei fire landa i NORA-regionen

NORA lyser ut og gir finansieringsstøtte til konkrete utviklingsprosjekt under måla i strategiprogrammet.

NORA bringer vidare relevant informasjon til den nordatlantiske offentlegheita. Nyheitsartikler vert lagt ut på NORA si heimeside og på Facebook.

NORA har sitt hovudsekretariat på Færøyene samt ein kontaktperson i kvar region. Desse gjennomfører deler av det praktiske prosjektretta arbeidet og er NORA sin kontakt mot organisasjonar og bedrifter. I Vestland er dette ivareteke av ein av Forskningsrådet sine regionale representantar.

NORA vert styrt av ein komité på 12 medlemmer med tre representantar frå kvart land. Leiinga av komiteen går på rundgang mellom medlemsregionane, og i 2020 har Vestlandet formannsvervet i NORA på vegne av Kyst- Noreg. NORA har og eit arbeidsutval (AU) som består av direktøren samt ein representant frå kvar region. I 2018, 2019 og 2020 har Vestlandet vore Norge sin representant i AU.

NORA vert finansiert av Nordisk Ministerråd supplert med nasjonale bidrag frå dei fire deltakarlanda. Dei siste åra har bidraget frå Vestlandsrådet vore på DKK 100 000.

For Vestlandsrådet betyr deltaking i NORA at ein bidreg til å følge opp mål og intensjonar som er sett av nasjonale politikarar gjennom Nordisk ministerråd. Eitt av desse er ei aktiv rolle i å vidareutvikle det grenseoverskridande nordatlantiske samarbeidet. Dette er ein posisjon vi har fått fordi Vestlandsrådet er ei politisk overbygning på tvers av fylkesgrensene. Gjennom NORA kan ein forsterke og utvide eigne mål i ein internasjonal dimensjon, t.d. «grøn energi», som er tema i 2020.

2.4 EU- program

Erasmus+

Erasmus+ er EU sitt store opplæringsprogram. Vestland fylkeskommune nyttar det til følgjande:

1 Fellessøknad om erfaringsutveksling og praksisopphald i Europa

Kvart år sender fylkeskommunen ein fellessøknad til DIKU på vegne av skular, opplæringskontor, lærebedrifter, kommunar og andre aktuelle aktørar for å må midlar til kompetansehevande tiltak gjennom erfaringsutveksling og praksisopphald i Europa. Dette er eit samarbeid mellom OPK og INN, og er særskilt viktig for å få ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med kompetanseutvikling i regionen.

Som eit resultat har fylkeskommunen fått til saman om lag NOK 30 millionar (EUR 2 860 727) i perioden 2014 - 2020 til denne satsinga innan Erasmus+ VET mobilitet (yrkesfagleg opplæring). I 2020, fekk Vestland fylkeskommune tildelt mest pengar av alle søkarane i Norge, med totalt NOK 5 873 735,- (EUR 552 853).

Fylkeskommunen er ansvarleg for å koordinere tiltaket, og overfører midlar vidare til aktørane etter faste EU- satsar. Midlane dekkjer i hovudsak kostnadane til reise og opphald. Fylkesadministrasjonen har ikkje ekstra kostnader knytt til dette. Midlane går til to typar tiltak:

Elevar, lærlingar, lærarar og opplæringsansvarlege får ny kompetanse

Gjennom fellessøknaden får årleg 25-30 skular og bedrifter midlar til praksisopphald for meir enn 100 elevar og lærlingar. Praksisopphalda er ein integrert del av opplæringa. I tillegg får lærar og opplæringsansvarlege kompetansehevande opphald i ein skule eller bedrift i Europa.

Utanlandsopphalda bidreg til viktig kunnskap og kompetanse for den einkilde, men kjem og skular og lærebedrifter til gode. Arbeidslivet får tilført framtidige arbeidstakarar med verdifull internasjonal erfaring og interkulturell kompetanse. Internasjonalt samarbeid gir skular unikt innsyn i korleis fag- og yrkesopplæringa er i andre land, og bidreg til auka kvalitet i opplæringa vi tilbyr her heime.

Lokalt samarbeid for å utvikle utdanningstilbod i tråd med lokale/ regionale behov

Som ein del av fellessøknaden har fylkeskommunen utvikla ein modell der vi søker om midlar til tverrsektorielle, lokale partnerskap. Modellen bidreg til å utvikle samarbeid om å styrke opplæringstilbodet i tråd med lokale behov. Det inneber at tilsette i vidaregåande skule yrkesfag, kommuneadministrasjon og ulike verksemder har moglegheit til å reise saman til europeiske organisasjonar for å få ny kompetanse og utveksle erfaringar. Med tilrettelegging frå fylkeskommunen gjennomfører årleg omlag 90 deltakarar i 8-10 lokale samarbeidsgrupper slike reiser. Det har tilført Vestlandet viktig kompetanse, styrka lokalt samarbeid og opna for at vidaregåande skule får plass i det lokale planleggings- og samfunnsutviklingsarbeidet. Døme på samarbeidstema: Reiseliv, helse og omsorg, lokal matproduksjon, industriutvikling, akvakultur, regionsenterutvikling, skuleutvikling, velferdsteknolog og entreprenørskap.

2 Frivillig arbeid i Europa - opplæringstilbod til ungdomar som står utan skuleplass eller arbeid

Med EU-midlar har INN og OPK utvikla eit unikt læringstilbod til ungdomar som står utan skuleplass eller arbeid. I fleire år har fylkeskommunen sendt ungdomar til frivillige oppdrag i ulike land i Europa. Målet er at dei opplever meistring gjennom å aktivt delta i spennande læringsprosjekt, og at dei på lengre sikt kjem tilbake til skule eller i arbeid. Suksessen ligg i at dette er eit lågterskeltilbod som tek utgangspunkt i ungdommen sin eigen motivasjon, ressursar og interesser. Ordninga har vore gratis for ungdomen, finansiert gjennom Erasmus+ Aktiv Ungdom programmet (EUR 205 224 over tre år). Resultat har vist at dei over hundre unge deltakarane har opplevd meistring, styrka sjølvtiliten og lært noko nytt. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har brukt Vestland sin modell som god praksis, og det har resultert i invitasjonar til å halde fleire foredrag nasjonalt og i utlandet for å fortelje om korleis vi jobbar. Målsettinga er å utvikle modellen med EU- finansiering i vidare europeisk samarbeid og bygge vidare på dei gode erfaringane som er gjort.

<https://www.skulelederforbundet.no/om-oss/aktuelt/Mye-laering-i-Ikke-formell-laering> Vi har og testa ut denne modellen som del av vidaregåande opplæring til å førebygge fråfall, med positive resultat. Skuleleiarforbundet skrev ein artikkel i 2019 om modellen vår:

<https://www.skulelederforbundet.no/om-oss/aktuelt/Mye-laering-i-Ikke-formell-laering>

3 Erasmus+ Strategiske partnerskap

Dette er langsiktige og strategiske prosjekt (1-3 år) som støtter fagleg samarbeid om å utvikle, utveksle og prøve ut nyskapande praksis og pedagogisk metodar. Sentrale satsingsområde er kvalitet i undervisning og opplæring, innovasjon og kopling mellom utdanning, arbeidsliv, forvaltning og sivil sektor. Målet er å styrke utdannings- og opplæringskvalitet på alle utdanningsnivå og læring på tvers av landegrensar. Krav om deltakarar frå minst tre land. EU-tilskot på 80% og eigenandel på 20% (arbeidsinnsats).

Vestland fylkeskommune er partner/koordinator for følgjande prosjekt:

Urban Centres – Development of Urban Centres with active involvement of vocational education and training (2017-20) - Styrke samarbeid mellom kommune og vidaregåande skule/ yrkesfag om utviklinga av regionsentra (Knarvik og Straume).

Tilskot frå EU til Vestland omlag NOK 510 000. Samarbeid INN-plan/ OPKO

Clue2inclusion (2018-20) – Utvikle modell for bruk av ikkje-formelle læringsmetoder i vidaregåande skule/ yrkesfag for å forebygge fråfall. Tilskot frå EU til Vestland NOK 415 000. Samarbeid INN/OPKO.

On your bike (2018-21) - Fokus på å få fleire til å bruke sykkel til skulen (elevar/lærarar) med klima- og folkehelseperspektiv. NOK 700 000 i EU-tilskot. Samarbeid INN klima/OPKO.

Horisont Europa

Horisont Europa er verdas største innovasjons- og forskingsprogram med eit foreslått budsjett på EUR 94 millionar for perioden for 2021- 2027. Noreg deltek i rammeprogrammet på lik linje med EU sine medlemsland.

I tillegg til prosjekt for framifrå forskning og midlar til Europeisk forskingsinfrastruktur, er det foreslått å sette av EUR 52 millionar til samarbeidsprosjekt som tar for seg å løyse globale samfunnsfordringar og støtte opp om eit konkurransedyktig næringsliv. 35% av budsjettet er øymerka utfordringar knytt til klima.

Partnarar frå offentleg sektor er ei føresetnad for nokre typar prosjekt. Tema og prioriteringar til EU treff veldig godt våre egne prioriteringar for samfunnsutvikling og næringsutvikling. EU-midlar er difor ein viktig del av vår verktøykasse og vi kan bruke slike midlar som ei forsterking til det regionale- og nasjonale verkemiddelapparatet. Eit typisk prosjekt under Horisont Europa gir 100% finansiering til offentlege aktørar, men det krev ein eigen innsats i søknadsarbeid og førebuing.

Som offentleg aktør legg fylkeskommunen rammevilkår for samfunnsutvikling. Når vi deltek i eit Horisont prosjekt, saman med regionale partnarar, gir vi eit tydeleg signal til næringsliv og andre aktørar om ein langtidssatsing for samfunnsutvikling. Horizon byr også på unike moglegheiter til å nytte offentleg anskaffingar som samfunnsdrivar. Prosjekt har ofte ein pilot som skal teste eit produkt og ei teneste tett opp til marknaden og kan vere utløysande for at vi tar i bruk ei løysing eller at næringsliv får nye marknad og utvikling.

Interreg

Interreg er eit fellesnamn for EU sine grenseoverskridande samarbeidsprogram. Noreg deltek i Interreg- program og den norske regjeringa fordeler midlane kvart år over

Statsbudsjettet. Noreg vil fordele norske midlar til deltaking i dei Interreg-programma, som Regjeringa meiner er viktige, i statsbudsjettet for 2021.

Vestland har delteke i Nordsjøprogrammet, Austersjøprogrammet, Nordleg Periferi og Arktis programmet og Interreg Europa i programperioden 2014-2021. I neste periode, 2021-2027 har Vestland ikkje høve til å delta i Nordleg Periferi og Arktis.

Programma prioriterer innsats innan fleire område som typisk sorterer under tema for regional utvikling, til dømes næringsutvikling, klimaomstilling og miljøvern, berekraftig transportløyser, innovasjon og kapasitetsbygging for små og mellomstore verksemd og offentleg sektor.

Vestland fylkeskommune leiar to Interreg prosjekt i dag, «RIGHT» (Right Skills for the Right Future) under Nordsjøprogrammet og «P-IRIS» (Policies to improve rural areas' innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools) under Interreg Europa.

Vestland fylkeskommune har eit budsjett på EUR 375 915 (om lag NOK 3.967 millionar) under P-IRIS og EUR 603 750 (om lag NOK 6.371millionar) i RIGHT. Begge prosjekta går over 3 år.

Begge prosjekta får Interreg- prosjektmidlar med 50% stønad. Fylkeskommunen må difor legge inn 50% i eigeninnsats. Eigeninnsats er hovudsakleg arbeidstimar til medarbeidarar men også til reisekostnad og anskaffingar i prosjektet. Under RIGHT prosjektet får fylkeskommunen også tilskot frå dei andre partnerar for å leie prosjektet med inntil EUR 161 758 (om lag NOK 1.707 millionar). Desse midlar går hovudsakeleg til å dekke løn til prosjektleiarer.

2.5 Vest- Norges Brusselkontor (VNB)

Vest- Norges Brusselkontor AS (VNB) er eigd av Foreningen Vest- Norges Brusselkontor, som er ein medlemsorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og andre i Vest- Norge (Vestland og Møre og Romsdal). Foreningen Vest- Norges Brusselkontor har delegert sine operative- og administrative oppgåver til Vest- Norges Brusselkontor AS. Målsettinga til kontoret er å fremje Foreningen Vest- Norges Brusselkontors interesser (både næringslivs-, FoU-, kultur- og det offentlege). Selskapet har ikkje erverv som føremål.

VNB er eitt av seks norske regionkontor i Brussel, og har sidan opprettinga i 2003 fungert som et bindeledd mellom regionale aktørar i Vest-Norge og EU. VNB er vårt viktigaste kontaktpunkt i Brussel og jobbar i sin heilskap for Vest- Norge sine interesser. Målsettinga er å bidra til at den europeiske dimensjonen skal bidra til utvikling og auka verdiskaping i regionen.

VNB har fire hovudoppgåver:

- Synleggjere regionen som samarbeidspartnar for andre europeiske regionar
- Vere lyttepost og døropnar mot institusjonane i EU/ EØS


- Formidle informasjon om det som skjer i EU/ EØS av særleg interesse for Vest-Norge
- Identifisere EU/ EØS-program og prosjekt av interesse for Vest-Norge

Prioriterte tematiske områder er: European Green Deal, Utdanning og kompetanse, hydrogen, batteri og alternative drivstoff, statsstøtteregelverket, forskning, innovasjon og utvikling.

VNB har følgende medlemmar i 2020: Vestland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, 15 kommunar (13 av dei i Vestland) og Høgskulen på Vestlandet.

Serviceavgifta er den einaste finansieringskjelda for selskapet. Serviceavgifta er NOK 4,28 per innbyggjar for kommunane og NOK 2,14 per innbyggjar for fylkeskommunane. Serviceavgifta blir indeksjustert kvart år. I tillegg til serviceavgifta kjem eit fast beløp på NOK 1000 for kvart medlem.

Medlemskontingent for Vestland fylkeskommune i 2020 er NOK 1 147 608. Vestland fylkeskommune er saman med Bergen kommune dei største finansielle bidragsytarane.



vestlandfylke.no